

Regionalt nettverk for nyutdanna pedagogar og deira rettleiarar 25.09.2024

Stad: HVL, Sogndal campus. **Rom:** Frigg 1 + 2 i Bragebygget. Sjå kart her: [kart-over-campus-sogndal.jpg \(7680x4320\) \(hvl.no\)](https://kart-over-campus-sogndal.jpg)

Tidspunkt: Onsdag 25.september 2024 kl 12.30-15.30

Lunsj: Det blir servert lunsj i klasserommet kl 12.30

Deltakaravgift: Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

Målgruppe: Nyutdanna pedagogar frå barnehage, grunnskule, vidaregåande skular og vaksenopplæring i Sogn som vart ferdig utdanna sommaren 2023 eller 2024 + deira lokale rettleiarar

Me er klare for ny runde med nettverksamling, og gler oss til å høyre korleis de opplever arbeidskvardagen som nyutdanna pedagogar i Sogn etter oppstarten av nytt barnehage- og skuleår. Nokre av dykk var deltakarar i fjor, medan nokre er heilt nye i nettverket. Evalueringa frå samlingane i fjor var tydeleg på at dei nyutdanna ønska meir av grupperettleiing, deling av erfaringar og drøfting i fellesskap. Det har me difor lagt til rette for denne samlinga. Nytt i år er at me også inviterer rettleiarane dykkar slik at dei kan få jobbe saman med andre rettleiarar i Sogn. Me kjem til å ha felles oppstart før me deler oss i grupper: barnehagelærarar, lærarar og rettleiarar kvar for seg.

Program:

12.30- 13.00: Me et lunsj saman og minglar litt.

13.00- 13.30: Velkommen og kort informasjon om dagen v/ Astrid og Ingrid
Korleis er livet som nyutdanna i dag? Kva opplevast positivt? utfordringar? Me deler erfaringar i gruppe/par

13.30- 15.10: Rettleiing i grupper etter Handal og Lauvås sin rettleiingsmodell (sjå to vedlegg)

- Barnehagelærarar saman med Astrid
- Lærarar i skulen saman med Ingrid
- Rettleiarane (Astrid og Ingrid set dykk i gang)

Gruppene legg inn ein pause i rettleiingsøkta når det høver best

15.10- 15.30: Me samlast i plenum for deling, evaluering og plan for vidare arbeid.

Førebu deg til samlinga ved å lese vedlegget «Problemretta veiledning i gruppe» og «Forenkla modell» som me kan bruke som mal for rettleiingsøkta.

Målet er å bli kjend med andre nyutdanna pedagogar i Sogn, at me skaper eit fagleg og sosialt nettverk og får inspirasjon og fagleg påfyll i arbeidet som nyutdanna. Me ynskjer nemleg å behalde

deg i dette flotte yrket! 😊 Me håpar også at rettleiarane får utbytte av å treffe kvarandre og dele erfaringar frå rolla som rettleiarar, samt litt ny inspirasjon. Me håpar dette er noko du ynskjer å delta på – du er hjarteleg velkommen!

Ansvarleg for samlinga:

Ingrid Steine Bortne, programleiar ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no mob: 48 25 03 06.

Påmeldingsfrist: Onsdag 18.septeber kl 23.00. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet under påmeldinga.

Har du framlegg til tema eller noko du vil dele på samlinga er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt!

Beste helsing frå

Astrid Bakken

Kontaktperson for tiltaket

«Ny som lærar på Vestlandet», HVL

Ingrid Steine Bortne

Programleiar barnehage- og skuleutvikling i Sogn